



Møteprotokoll

Utval:	Ungdomsråd
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	16.04.2026
Tid:	klokka 14.30 - 16.30

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Kirsten Holstad Valseth, koordinator for ungdomsrådet (møtesekretær)

Andre som møtte:

Ranja Dimmen Alme, politisk representant

Robert Holstad Flø, politisk representant

Møte slutt: 16:30

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/634
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	26/634
PS 03/26	Orienteringar og spørsmål	26/634
PS 06/26	Møteplan 2026	26/634

Hareid , 08.06.2026

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vart godkjende.

Behandling:

Ein bør legge møta til andre dagar enn dagar det er kommunestyremøte då politiske representantar skal delta på dette. Elles ingen merknader.

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte, vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes.

PS 03/26 Orienteringar og spørsmål

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Orientering om kommuneøkonomi
02/26	Skal Hareid bli ei Av-og-til kommune?
03/26	Vekst i Hareid – ønskjer fleire ungdom i sommarjobb
04/26	Møtekultur og samarbeid- kva vil vi og korleis skal vi arbeide framover
05/26	Ungdomsskulen – skal ungdomsrådet gjere noko?
06/26	Trygt heim for en 50-lapp og kollektivtilbodet
07/26	Orientering frå representantane som deltok på ungdomens fylkesting
08/26	Orientering om søknad om ungdomsmidlar
09/26	Presentasjon av ungdomsrådet til kommunestyret

Vedtak:

Orienteringar vart tekne til vitende.

Behandling:

Kunstlokalet-kunstbrakka- egna seg ikkje for aktiviteten. Det er for lite, ein brenn keramikk i same lokale som elevar oppheld seg. Her bør noko gjerast.

Ungdomsklubben: Kan ein lage ein konkurranse om logo og namn? Foreslår å ha postkasse på klubben- slik at ein kan skrive forslag til endringar og saker som engasjerer. Kan innsats for andre lage postkasse?

Møteplan: prøve å få til eit møte i august og eit planlagt møte om budsjett i november saman med andre påverkningsorgan i Hareid.

OS 01/26 Orientering om økonomisk situasjon - Hanne Rognan – ass rådmann

Hanne Rognan presenterte seg sjølv og rolla si . Deretter status for økonomi i Hareid Kommune.

Kommuna har eit akkumulert meirforbruk (underskot) på over 100 mil. som må betalast tilbake. Resultata for 2025 enda på minus 10 mil som er ei god forbetring, men framleis negativ bunnlinje. Utfordringa framover vert å drifte kommuna samtidig som meirforbruket skal betalast tilbake.

Rognan rosar dei tilsette i dette vanskelege arbeidet.

På grunn av meirforbruk Pr februar 2026 vart det i innført innkjøpsstopp i heile kommuna.

Berre faste avtalar går vidare, og innkjøp til liv og helse.

Usikkerheit i verda og nasjonalt i Noreg påverkar også Hareid for eksempel rentenivået. Det er vanskeleg å gjere noko med dette. Hareid har ingen buffer og er sårbare for slike hendingar.

Stort omstillingsarbeid pågår i organisasjonen og nokon vil nok bli sagt opp.

Ved spørsmål om korleis dette påverkar ungdomsrådet sitt arbeid seier Rognan at vi har eit budsjett, og det må og haldast også for ungdomsrådet. Rådet lurte også på om ein kunne bygge opp buffer før nedbetaling av meirforbruk. Det kan ikkje gjerast. Spørsmål om kva avdelingar som vert råka av oppseiingar. Til det svarer Rognan at det no er Stab og Samfunn som får dei største innsparingane, då andre avdelingar og sektorar allereie har innført innsparing og nedbemanning.

OS 02/26 Skal Hareid bli ei av og til kommune Silje Kiperberg Aksnes – Folkehelsekoordinator

Kiperberg orienterte om rolla si. Ein del av rolla hennar er å vere SLT koordinator (samordning av lokale rus-og kriminalitetsførebyggjande tiltak). Alkohol påverkar mykje i eit samfunn, og det er viktig med avklart bruk. «Av og til medlemskap» er nesten gratis for kommunar å vere med i . Organisasjonen bidreg med mykje. Dei har forslag til kommunikasjon og materiell å gi ut. Kunnskap og informasjon om rusfarlege forhold, statistikk om rusbruk, nasjonale spørjeundersøkingar. Ein får hjelp i konkrete problemstillingar og nettverk med andre kommunar. Enkel og effektiv metode og setter lys på forebyggjande arbeid. Dette er ikkje ein avhaldsorganisasjon men «av og til» -og ansvarleg rusbruk.

Ungdomsrådet fekk lufta spørsmål om kva organisasjonen kan bidra med overfor barn og ungdom og dei fekk informasjon om at kostnaden er 1500 kr pr år og arbeidstimar til folkehelsekoordinatoren.

Avstemming: Dette ønsker vi - einstemmig vedtatt

OS 03/26 Vekst i Hareid – ønskjer fleire ungdomar i sommarjobb

Christine Erdal, prosjektleiar i Vekst i Hareid informerer om prosjektet Vekst i Hareid. Dei skal legge til rette for at næringslivet i Hareid skal gå bra. Det vil gir inntekter til kommuna og bidra til bulyst.

Sommarjobb – blir hevda å vere den viktigaste jobben du kan få . Første inngangsport til arbeidslivet, seier Erdal. Ho ønskjer ein diskusjon i rådet om ein trur ungdom ønsker jobb? Det bekreftar medlemar i rådet, men det er vanskeleg å finne jobb. Dei seier at ungdom må reklamere for at dei ønsker jobb, og bedriftene må informer om tilbod. For eksempel plakat på ungdomsskulen om ledige sommarjobbar. Kan vekst i Hareid hjelpe med å få ungdommar inn i bedriftene?

Dei som har fått jobb har fått det gjennom relasjonar- familie og venar. Pryoveka på ungdomsskulen kan vere ein inngang, men veldig mange får avslag. Frivillig arbeid vert vurdert som ein mogleg inngang til lønna jobb. Kan det vere aktuelt å arrangere ein Workshop om sommarjobb, for eksempel korleis søke jobb, korleis få bedrifter til å lyse ut stillingar – småjobbsentral og betaling for eksempel maling og plenklipping.

Rådet vil vurdere å skrive ein uttale om dette som eit lesarinnlegg i lokalavis.

OS 04/26 Møtekultur og samarbeid- kva vil vi og korleis skal vi arbeide framover

Alle stemmer skal bli høyrte og leiar er ordstyrar.

Når saker kjem opp må ein svare på spørsmåla

Kva, kvifor og korleis?

Ungdomsrådet må finne ut korleis dei vil arbeide med å få saker fram i lyste og korleis fordele oppgåver framover.

OS 05/26 Ungdomsskulen skal ungdomsrådet engasjere seg?

Det er eit stort engasjement knytt til tilhøva på ungdomsskulen. Både dei fysiske tilhøva og tilhøva knytt til undervisning og miljø. Punkt som vart tatt opp:

Manglande symjeundervisning - uheldig at ein ikkje får det ein har krav på. Dei undrar seg over kvifor dei har symjeundervisning i 3. klasse men ikkje på ungdomsskulen no?

Mykje fråvær på ungdomsskulen- mange tomme pultar.

Dårleg luftkvalitet – gir haudeverk, mange elevar og tilsette klagar over dette.

Garderobar fungerer ikkje – må skifte til gym i klasserom, der det er fullt innsyn. Ofte rot og søppel i garderobane.

Toalettsituasjonen er prekær: for få toalett og veldig lytt. Mange går på Sporty for å gå på do.

Vakter: Ønsker fleire vakter i friminutt slik at det ikkje går mange på do samtidig og at det skjer andre uheldige ting som hærverk og plaging. Dei ønsker vakter som er tydeleg og godt synlege.

Skulen er i dårleg stand og ungdomsrådet bør kjempe for ein betre skule til tross for dårleg økonomi. Garderobe og toalett meiner dei er viktigaste å prioritere, i tillegg til vakter i friminutta.

Kva kan ungdomsrådet gjere:

Lesarinnlegg i avis, sak i kommunestyret- danne ei arbeidsgruppe som jobbar med ungdomsskulen som tema.

OS 06/26 Trygt heim for ein 50 lapp

Leiar og nestleiar orienterte om ordninga og endringar i ordninga. Fylket har behandla saka og premissane for ordninga er lagt . Ungdomsrådet ønskjer å løfte fram denne saka og få den behandla i Hareid kommune.

OS 07/26 Orientering om ungdomens fylkesting

Gudmund Gryt og Håkon Kleppe var Hareid sine utsendingar på ungdomens fylkesting. Der presenterte dei seg på scena og fortalte om sine kampsaker. De fekk informasjon om politisk arbeid, trening i å være politisk og øving på å snakke framføre forsamlingar.

Veldig lærerikt

PS 06/26 Møteplan 2026

Vedtak:

Behandling:

Saka vert utsett til neste møte.